

Helene Bøksle

"Det stig av hav eit alveland"

Visit "[Det stig av hav eit alveland](#)" on MotoLyrics.com

Det stig av hav eit alveland
med Tind og Mo;
det kviler klårt mot himilrand
i kveldblå ro.

Eg såg det tidt som sveipt i eim
bak hvadis graa;
det er ein huld, ein heilag heim,
me ei kan nå.

Ho så, v, den fine tinderad
i draume-bann;
men so ei stund ved soleglad
ho kjem i brand.

Når dagen sig som eld og blod
i blåe-myr,
det logar upp med glim og glod
og eventyr.

Det brenn i brå og skjelv og skin
med gullan-bragd,
og lufti glå, 'r i glans av vin,
sylv og smaragd.

Men av han då, yr, den bleike brand,
som slokna glod,
og klårt som fyrr ligg alveland
i kveldblå ro.

Eg lengta tidt på trå, ytte veg
der ut til fred;
men landet fyrst kann syne seg,
når sol gjeng ned.

Visit [Helene Bøksle](#) page on MotoLyrics.com, to get more lyrics and videos.